

TIPPETUE

ARKITEKTER AS

Til Alver kommune

Gnr/ bnr. 212/132 m.fl

Adresse: Torvhusmyrane/Ostefjordvegen

Tiltakshaver: ATR Eiendom AS

Gjeld: Søknad om dispensasjon til oppføring av mur

Bergen, 21.11.2022

Søknad dispensasjon til oppføring av støttemur i KBA4, g/bnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre

Støttemuren som søkask oppført mot nabogrense er i strid med formålet KBA, *kombinert byggje- og anleggsformål*, samt også med regulert byggjegrense, og det søkask difor om dispensasjon. Søknad om dispensasjon er også omtala i sjølve søknaden om etablering av KBA4.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter PBL §19-2.

1. Omsyna bak formålet/føreseгна det vert dispensert i frå ikkje vert vesentleg satt til side, og at
2. Fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Omsynet med formålet *kombinert byggje- og anleggsformål* er blant anna å leggje til rette for etablering av næringsverksemd med tilhøyrande infrastruktur. Fordelane med oppføring av støttemur er at nabotomta vert sikra mot utrasing som fylgje av arbeidet med planering av KBA4, samt at ein får nytta heile arealet. Nabotomta, g/bnr 212/3, ligg lågare i terrenget enn det ferdig planerte arealet i KBA4 vil gjere og oppføring av støttemur er difor naudsynt i samband med sikkerheit både i anleggsperioden og når arealet er ferdig planert. Dette for å hindre at masser og skråningsutslag går over nabogrense/formålsgrense. Støttemuren vil ikkje hindra utsyn/sikt då han ikkje vil gå særleg høgare enn terrenget gjer før planering (sjå vedlegg, Tverrprofil KBA4).

Elles er det gitt samtykkje frå nabo til bygging av muren, sjå vedlagt samtykkeskjema i byggsok.net.

Basert på det ovanfor nemnte kan vi ikkje sjå at etablering av støttemur vil medføra negative konsekvensar og vi meiner at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

Ansvarleg søker

Tippetue Arkitekter AS

v/Mai Cecilie Stabell